



Innkalling til Kommunestyret

Møtedato: 15.10.2014
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 17:00

Kommunestyret vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er, tlf. 56171000, slik at varamedlem vert innkalla. Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret

Kl. 16:30 - 16:50 vert det informasjon om dei nye nett-sidene til kommunen.

Det vil bli orientert om resultat frå brukarundersøking omsorg 2014

Sakliste

Saknr	Tittel
53/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
54/2014	Godkjenning av møtebok
55/2014	Referatsaker
56/2014	Nordhordlandspakken - søknad om løyve til delvis bompengefinansiering
57/2014	Busetting flyktningar 2014-2017
58/2014	Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS (RNH)
59/2014	Planprosess for Midtmarka, Flatøy. Status og vidare arbeid
60/2014	Reguleringsplan Hoplandsdalen Jorddeponi - klage på vedtak om avvisning av planforslag.
61/2014	Klage på reguleringsplan Elvaåsen
62/2014	Reguleringsendring - E39 over Flatøy - 2. gongs handsaming og godkjenning
63/2014	Reguleringsplan Bergotunet - 5.g. handsaming

24. mai 2016

Nils Marton Aadland
ordførar

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/3695

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
53/2014	Kommunestyret	PS	15.10.2014

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/3695

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
54/2014	Kommunestyret	PS	15.10.2014

Godkjenning av møtebok frå møte 10.09.14

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 10.09.14 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/3695

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
55/2014	Kommunestyret	PS	15.10.2014

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
55/2014.1	Møteutskrift frå møte 25.09.14

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldinga vert teken til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 202, FA - Q10, TI - &13	14/2157

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
74/2014	Formannskapet	PS	24.09.2014
56/2014	Kommunestyret	PS	15.10.2014

Nordhordlandspakken - søknad om løyve til delvis bompengefinansiering

Vedlegg:

Presentasjon_NH_pakken_140514

2014.05.14 Framlegg til felles vedtak Nordhordlandspakken AS

Signert brev høyring Nordhordlandspakken

Bompengesøknad_Nordhordlandspakken_030314

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Regionen har sidan 2007 arbeidd med å få på plass ein samferdselspakke som skal medverke til at Nordhordland skal halde fram med å vere ein konkurransedyktig region for utvikling av samfunnsliv og næringsliv. Det er store behov for utbetringar og nyanlegg på transportnettet i Nordhordland og sambandet mot Bergen. Styret i Nordhordlandspakken AS legg fram eit forslag til ein bompengesøknad for realisering av ein Nordhordlandspakke. Styret i Nordhordlandspakken AS framhevar at dette kan vere siste moglege realisering av ein Nordhordlandspakke.

Målsetjingane for Nordhordlandspakken er:

1. Å utvikle ein transporteffektiv kyststamveg (E39) mellom Bergen nord/E16 og Nordhordland for å redusere transportkostnadene, utvide felles arbeidsmarknad og styrkje regionalt samarbeid Bergen - Nordhordland.
2. Å avlaste eksisterande E39 mellom Bergen nord og Nordhordlandsbrua for å betre trafikktryggleik og lokalmiljø, og for å kunne vidareføre planlagt areal-/byutvikling i Bergen nord.
3. Å betre kollektivtransporten mellom Nordhordland og Bergen for å sikre ein høg andel kollektivreisande, og med dette medverke til å dempe presset på vegnettet inn mot Bergen sentrum.
4. Å redusere sårbarheita og leggje til rette for betre framkomst på vegnettet i Nordhordland, spesielt med tanke på næringstransporten i regionen.
5. Å betre trafikktryggleik og framkomst for alle trafikantgrupper som ferdes i Nordhordlandsregionen.

Bompengesøknaden er i første omgang avgrensa til samferdselsprosjekt i Nordhordland, men det er lagt opp til at Nyborgtunnelen vert gjennomført så snart det ligg føre godkjent reguleringsplan. Bakgrunnen for at det i første omgang vert sendt inn bompengesøknad for prosjekta i Nordhordland, er at planarbeidet for Nyborgtunnelen er krevjande, og det vil ta tid før det ligg føre godkjent reguleringsplan. I tillegg vart det i Nasjonal Transportplan 2014-23 ikkje signalisert oppstart før mot slutten av perioden. Kommunane i Nordhordland fatta i 2010 likelydande vedtak omkring vidare arbeid med bompengesøknaden for Nordhordlandspakken. Her vart det tatt høgde for at «framdrifta for søknaden vil måtta koordinerast med planarbeidet for Nyborgtunnelen og rullering av Nasjonal Transportplan».

Styret i Nordhordlandspakken AS har i samråd med Statens vegvesen Region vest, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune, avklart ein framdriftsplan der ein no legg fram ein bompengesøknad med dei prosjekta som har planavklaring, for å kome i gang med bygginga av viktige prosjekt i 2015/2016. Samstundes er både Statens vegvesen og Bergen kommune innstilt på å forsere planarbeidet for Nyborgtunnelen så snart nødvendig avklaring av bybanen i Åsane ligg føre. Når det ligg føre godkjent reguleringsplan for Nyborgtunnelen, vert det fremja ein revidert bompengesøknad med eit samla finansieringsopplegg for heile Nordhordlandspakken. I tillegg til Nyborgtunnelen er også prosjektet Fv 57 Knarvik – Isdalstø lagt til neste revisjon av samferdselspakken og inngår såleis ikkje i denne bompengesøknaden. Årsaka til dette er manglande finansieringsgrunnlag og omsynet til å sikre prioritering av Nyborgtunnelen.

Innhaldet i søknaden:

Bompengesøknaden gjeld investeringar i veg og kollektivtiltak i Nordhordland for ca. 1,3 mrd. 2013-kr. Det er lagt opp til at om lag 30% av brutto investeringskostnader vert finansiert med offentlege midlar, medan trafikantane dekkjer resten av kostnadene gjennom bompengar. Søknaden omfattar prosjekt på transportnettet i Nordhordland. Døme på prosjekt i pakken er:

- Ny Fv.565 på Radøy, frå Marås til Soltveit
- Vegutbetringstiltak i alle kommunane i regionen
- Utbetring av E39 gjennom regionsenteret, Knarvik sentrum
- Utbetring av E39 aust for Knarvik
- Ramme på 100 mill.kr. til tiltak som vil styrkje kollektivtilbodet mellom Nordhordland og Bergen.
- Ramme på 100 mill.kr til ytterlegare tiltak i alle kommunane (førebels udisponert ramme)
- Utbygging av samanhengande gang/sykkelvegnett langs hovudvegane i regionen

Bompengeordning og finansieringsplan:

Bompengeordninga for Nordhordlandspakken er lagt opp slik at nytteprinsippet vert ivaretatt. Dette inneber at dei som har nytte av pakken betalar, og dei som betalar skal ha nytte. For å fange opp alle trafikkstraumane som har nytte er det naudsynt å ha eit «tett» bompengesystem der alle er med å betale. På den måten vert kostnadene fordelt på fleire, og takstnivået vert lågare. Følgjande bomstasjonar er tilrådd:

- Bomstasjon 1: Hovudkryss Flatøy, ramper til/frå Meland
- Bomstasjon 2: E39, Flatøy
- Bomstasjon 3: E39, Mundalsberget

Bomstasjon 4: Fv.565, ny veg Marås-Soltveit , sør for kryss v/ Haukåsen

Det vert bompengeneinnkrevjing i begge køyreretningar.

Bompengesøknaden legg til grunn eit sjølvstendig finansieringsopplegg for tiltaka i Nordhordland med ein bompengeperiode på maksimalt 12 år, men føresetnadene kan bli endra når finansieringsplanen skal reviderast i samband med avklaring av E39, Nyborgtunnelen.

Gjennomføring:

På grunn av førebels manglande planavklaring og finansiering av to større prosjekt er det lagt opp til ei trinnvis gjennomføring av Nordhordlandspakken. Prosjekt som har avklart plangrunnlag og finansiering, samt alle dei mindre tiltaka i Nordhordland inngår i denne bompengesøknaden. Desse prosjekta vil bli gjennomført så snart bompengesøknaden er vedteken i Stortinget, i takt med løypande planavklarings og tilrådd prioritering. E39, Nyborgtunnelen har ikkje tilstrekkeleg avklaring i forhold til plangrunnlag, og Fv.57 Knarvik-Isdalstø har ikkje avklart finansieringsgrunnlag. Desse to prosjekta vil bli handsama i ein revidert bompengesøknad når Nyborgtunnelen har godkjent reguleringsplan.

Regionvegsjefen har gitt fylgjande tilråding:

Regionvegsjefen meiner at dei føreslegne tiltaka i Nordhordlandspakken vil medverke til å utvikle eit meir effektivt, trafikksikkert og miljøvennleg transportsystem i Nordhordland.

Regionvegsjefen vil rå til at kommunane som skal gje uttale, sluttar seg til søknaden frå Nordhordlandspakken AS.

Søknaden vert sendt til høyring til kommunane Lindås, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Bergen. Etter at kommunane har uttalt seg, vil søknaden bli sendt til fylkeskommunal behandling.

Vurdering

Det er viktig for Meland kommune og Nordhordland å få ei avklaring på den vidare samferdselsatsinga i regionen. Skal regionen vidareutvikle seg og klare å handtere den veksten som er venta, er det avgjerande å starta snarast med bygginga av meir moderne og framtidsretta infrastruktur. Prosessen med Nordhordlandspakken har tatt lang tid og det føreligg ein no ein bompengesøknad med fokus på lokale prosjekt i regionen. Dei to største prosjekta, E39 Nyborgstunnelen og FV57 Knarvik-Isdalstø, er tatt ut på grunn av manglande planavklaring og finansiering. Desse prosjekta vil bli tatt med i ein revisjon av pakken.

Ideelt sett skulle ein gjerne sett at Nyborgstunnelen og FV 57 Knarvik-Isdalstø var med i den søknaden som ligg føre. For kommun er særleg FV57 Knarvik-Isdalstø eit viktig prosjekt. Reguleringsplanen er vedtatt og prosjektet er sentralt i arbeidet med å utvikle regionsenteret og sikre god infrastruktur i søre del av Lindås. Mellom anna er ei ny løysing for skyss-stasjon lagt inn i dette området. Blir prosjektet flytta langt fram i tid, kan dette skape utfordringar for utviklinga av Knarvik sentrumsområde. I tillegg er FV57 Knarvik-Isdalstø viktig for å handtere den venta trafikkauken som skal til Mongstad. Rådmannen meiner det er viktig at regionen jobbar målretta for å få ei rask avklaring rundt dette prosjektet.

Ein sentral del av bompengesøknaden er prosjektet E39 gjennom Knarvik sentrum, og det er eit særskilt viktig prosjekt for å utløyse vidareutvikling av Knarvik sentrum. Områdeplan for Knarvik sentrumsområde er for tida på 2. gongs høyring, og utbygging av E39 er eit sentralt rekkjefølgjekrav for å få til ny byggeaktivitet i Knarvik. I bompengesøknaden er det sett av kr 99 mill til å delfinansiere

4-felts veg og ny rundkøyring i aust, resterande finansiering er tenkt løyst gjennom utbyggingsavtalar. Kr 99 mill baserer seg på eit totalanslag på kr 170 mill som blei gjort i 2011. Men nye anslag gjennomført av Statens vegvesen i 2014, viser at tiltak på E39 gjennom Knarvik sentrum, slik det er lagt fram i ny områdeplan for Knarvik, vil vere på ca 261 mill. Dette kan bety at andelen som blir lagt på utbyggingsavtalar blir høgare. Det er også viktig å presisere at stat og fylke ikkje går inn med finansiering på prosjektet E39 gjennom Knarvik sentrum, medan dette er tilfelle i alle dei andre prosjekta i pakken. Etter rådmannen si vurdering bryt dette med finansieringsprinsippet i pakken om at om lag 30% av brutto investeringskostnader vert finansiert med offentlege midlar, medan trafikantane dekkjer resten av kostandane gjennom bompengar. For å sikre ordinære offentlege vegmidlar til finansiering av E39 gjennom Knarvik sentrum, vil det vere viktig for Lindås kommune og regionen å ta eit initiativ overfor Statens Vegvesen og andre relevante myndigheiter. Sjølv om ein kanskje skulle sett ei anna prioritering av tiltak er det viktig at Nordhordlandspakken blir vedtatt og sett i verk, og at ein kan satse på ei trinnvis gjennomføring. Rådmannen rår derfor til at Meland kommune sluttar seg bompengesøknaden frå Nordhordlandspakken AS, og støttar fellesframlegget til vedtak.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

1. Meland kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014, med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.
2. Meland kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjeart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.
3. Meland kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen, slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Meland kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidsretta løyising for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
4. Meland kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med kommunen med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:
 - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eitt av tunnellopa, før andre vert bygt.
 - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
 - vurdere finansieringsløyisingar (auka offentleg innsats etc.).

Formannskapet - 74/2014

FS - behandling:

Framlegg til vedtak frå Meland FrP v/Sigmund Larsen:

1. Kommunestyret tilrår at Nordhordlandspakken slik den er presentert i saksdokumenta blir avvist i sin heilhet.
2. Subsidiert: Kommunestyret tilrår at Nordhordlandspakken slik den er presentert i saksdokumenta blir sendt ut til folkeavrøysting i kommunen.
3. Subsidiert: I og med nytteprinsippet ikke kan dokumenteres på gjennomkjøring av bomstasjon 1: Hovedkryss Flatøy, ramper til/fra Meland så bortfaller denne bomstasjonen og taes ut av NH pakken.

Framlegg til tilleggspunkt 5 frå Lars Barstad (V), Marit S. Jøssang (KrF), Åshild Aamli (Sam), Sølvi Knudsen (Sp), Rolf Hansen (Ap) og Nils Marton Aadland (H):

Meland kommunestyre viser også til vedtak i Lindås kommunestyre i sak 69/14, og vil spesielt peike på pkt 7. i vedtaket, der det heiter:
«Ut ifrå nytteprinsippet ser Lindås at ein del av den udefinerte restpotten i Nordhordlandspakken går til prosjekter i Meland kommune».

Meland kommunestyre vil minne om at Meland er den kommunen i Hordaland med størst prosentvis folkeauke. Dette biletet vil etter alt å døma halda seg også i åra som kjem. I følge prognose frå Hordaland fylkeskommune (nr.1-2014) vil kommunane i Nordhordland få ei samla folkeauke på 10.148 fram til 2031. Nær halvparten av den veksten (4.634) vil i følge prognosa koma i Meland kommune.

Det er særst viktig at vegnettet i kommunen er rusta til å møte den trafikkveksten dette vil medføre. Meland kommunestyre meiner det er avgjerande viktig å utbetre vegstrekka mellom kommunesenteret Frekhaug og områdesenteret på Vikebø.

Den udisponerte restpotten i Nordhordlandspakken (100 mill. kr.) må i all hovudsak setjast av til å utbetra vegstrekninga Fløksand (Brakstadkrysset) - Vikebø (Fv 564) til tofelts standard. Denne parsellen er smal og til dels uoversiktleg. Det har skjedd fleire alvorlege ulukker her, også med tap av liv.

Nytteprinsippet i Nordhordlandspakken blir også betre ivaretatt ved å leggje inn dette viktige prosjektet.

Ein må vurdere rekkjefølgja på prosjekta Fv 564 - Sandskaret-Holme opp mot Fv 564 Fløksand-Vikebø, jfr. revisjon av Nordhordlandspakken i 2018.

Framlegg til tilleggspunkt 6 frå Meland AP v/Rolf Hansen:

Knarvik er regionalt senter for Nordhordland, derfor må bom på Flatøy fjernes.

Framlegg til tilleggstekst til pkt. 5 frå Lars Barstad, V:

Bom mot Bergen må vurderes i forhold til nytteprinsippet.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster for, (H, KrF, V, AP, SAM, SP), 1 røyst mot, og er såleis vedteke.

Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen fekk 1 røyst for, (FrP), 6 røyster mot, og fall.

Framlegg til tilleggspunkt 5 frå Lars Barstad, Marit S. Jøssang, Åshild Aamli, Sølvi Knudsen, Rolf Hansen og Nils Marton Aadland fekk 6 røyster for, (V, KrF, SAM, SP, AP, H), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.

Framlegget frå Rolf Hansen fekk 2 røysrt for, (AP, FrP), 5 røyster mot, og fall.

Framlegg til tilleggstekst frå Lars Barstad vart samrøystes vedteke.

FS - framlegg til vedtak:

1. Meland kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014, med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.
2. Meland kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjeart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.
3. Meland kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen, slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Meland kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidretta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
4. Meland kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med kommunen med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:
 - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eitt av tunnellopa, før andre vert bygt.
 - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
 - vurdere finansieringsløyisingar (auka offentleg innsats etc.).
5. Meland kommunestyre viser også til vedtak i Lindås kommunestyre i sak 69/14, og vil spesielt peike på pkt 7. i vedtaket, der det heiter:
«Ut ifrå nytteprinsippet ser Lindås at ein del av den udefinerte restpotten i Nordhordlandspakken går til prosjekter i Meland kommune».

Meland kommunestyre vil minne om at Meland er den kommunen i Hordaland med størst prosentvis folkeauke. Dette biletet vil etter alt å døma halda seg også i åra som kjem. I følgje prognose frå Hordaland fylkeskommune (nr.1-2014) vil kommunane i Nordhordland få ei samla folkeauke på 10.148 fram til 2031. Nær halvparten av den veksten (4.634) vil i følgje prognosa koma i Meland kommune.

Det er særst viktig at vegnettet i kommunen er rusta til å møte den trafikkveksten dette vil medføre. Meland kommunestyre meiner det er avgjerande viktig å utbetre vegstrekkja mellom kommunesenteret Frekhaug og områdesenteret på Vikebø.

Den udisponerte restpotten i Nordhordlandspakken (100 mill. kr.) må i all hovudsak setjast av til å utbetra vegstrekinga Fløksand (Brakstadkrysset) - Vikebø (Fv 564) til tofelts standard. Denne parsellen er smal og til dels uoversiktleg. Det har skjedd fleire alvorlege ulukker her, også med tap av liv. Nytteprinsippet i Nordhordlandspakken blir også betre ivaretatt ved å leggje inn dette viktige prosjektet.

Ein må vurdere rekkjefølgja på prosjekta Fv 564 - Sandskaret-Holme opp mot Fv 564 Fløksand-Vikebø, jfr. revisjon av Nordhordlandspakken i 2018.

Bom mot Bergen må vurderes i forhold til nytteprinsippet.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - F30	14/3742

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
70/2014	Formannskapet	PS	24.09.2014
57/2014	Kommunestyret	PS	15.10.2014

Busetting flyktningar 2014-2017

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann viser til skriv (vedlegg) datert 21.05.14 frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI). Meland kommune vert på ny oppmoda om å auka mottak av flyktningar for 2014 og 2015. Vidare legg IMDI til grunn plantall for busetting gjeldande for 2016 og 2017.

Rådmann viser her mellom anna til at IMDI (s.2) skriv: "Dersom kommunen har vanskar med å finne bustader, kan det vere eit alternativ at flyktningar sjølv finn bustad, innanfor ramma av kommunen sitt vedtak.»

Saksutgreiing:

Status for Meland kommune er kommunestyret sak 078/13 samt sak 06/14, der begge gjeld vedtak om mottak i perioden 2014-2016. Kommunestyret har per tid fatta avgjerd om mottak av 10 nye flyktningar per år i perioden 2014-2016. Kommunen har ila september busatt 6 personar. Det er avtale om busetting for ytterlegare 2 personar i oktober, og plan om busetting av siste 2 personar før nyttår. Slik vil kommunen nå måltal for 2014.

Busetting av flyktningar er ei permanent kommunal oppgåve på lik linje med andre kommunale oppgåver. Kommunen har mynde til sjølv å fatte avgjerd om progresjon og omfang av mottak. Dette er naudsynt med omsyn til oppfølgingsansvar og tilstrekkelege ressursar til forsvarleg integreringsverksemd i ulike livsfasar.

IMDI ber Meland kommune vurderer ytterlegare auker tall flykningar i planperioden jamfør vedtak KS sak 078/13. Dettet tyder at Meland er oppmoda om følgjande:

- 2014 – auke med 15 nye flyktningar, totalt 25
- 2015 – auke med 10 nye flyktningar, totalt 20
- 2016 – auke med 10 nye flyktningar, totalt 20
- 2017 – totalt 20

1. Introduksjonsordning

Alle flyktningar mellom 18 og 55 år som vert busett i kommunen, skal delta i introduksjonsprogram som kvalifiserer for arbeid og/eller utdanning jamfør Lov om introduksjonsordning. Norskopplæring er eit kjerneelement i grunnleggande kvalifiseringsprogram. Programmet skal vere tilnærma lik arbeidsliv med omsyn til arbeidsveke, ferie og gjeldande reglar. Kommunen må slik ha eit individuelt tilpassa tenestetilbod, slik at flyktningane kan førebuast arbeidsliv og/eller gå vidare til kvalifisering og utdanning. Dei som deltar i introduksjonsprogram mottar løn via kommunen (NAV v/introduksjonsstønad) som er 2 gonger folketrygda sitt grunnbeløp.

2. Bustad

Framskaffing av kommunal bustad skjer per tid via omfordeling kommunale leigetilhøve samt privat marknad. I tillegg nyttar kommunen samarbeidsavtaler om tildelingsrett via private aktørar og Husbank. I høve bruk av tildelingsrett viser ein til Utval for levekår sak 059/09, samt gjeldande økonomiplan investering.

IMDI presiserer no at kommunen kan legge til grunn at den einskilde flyktning sjølv er ansvarleg for å finne tenlege bustad innanfor ramma av kommunen sitt vedtak. Høveleg bustad i tenleg bumiljø er ein sentral del av busettingsarbeidet, men det øvrige oppfølgingsansvar og arbeid med integrering er og ressurskrevjande. Rådmann viser til at det må vere ei samla vurdering av forsvarleg integreringsverksemd over år som bør vere styrande for avgjerd om mottak av flyktningar.

3. Personalressurs

Meland kommune auka personallressurs vedrørande mottak av flyktningar i 2013. Administrativt framlegg om mogleg auke i fast personalressurs innan tenesteområde helse vert å vurdere jamfør budsjett 2015. Kostnadsdekking vil relaterast til integreringstilskot. Øvrige tenesteområder som t.d. NAV er per tid ikkje vurdert å auke personalressurs for 2015.

4. Økonomi

Årsrekneskap 2013 syner avsetting på fond med kr. 2.004.383,- relatert til busetting og integrering av flyktningar.

Kommunestyret fatta i sak 108/12 prinsippvedtak om bruk av statleg tilskot til busettjng av flyktningar. Dette fører til at netto inntekter etter avslutta rekneskap for budsjettår ikkje vert saldert i kommunerekneskap, men ført på bundne fond. Bundne fond skal her nyttast til å dekke framtidige kostnader ved busettjngs- og integreringsverksemda til målgruppa. Desse midlane skal og nyttast til å dekke løpande utgifter hjå andre tenesteområde som per tid ikkje er identifisert i oppstillinga under. Dette er variable utgifter som kan oppstå utfrå individuelle tenestebehov over tid

4.1 Prognose integreringstilskot 2014-2017

Kommunen mottak statleg integreringsstønad etter fast sum i 5 år per flyktning. Fordeling av års sum vert å vise til Rundskriv 01/14. Integreringstilskot er meint å dekke gjennomsnittlege utgifter kommunen har.

Det er i tabell under medrekna busetting av 10 nye flyktningar i 2014 og deretter auke med samla tal 15 personar per år i perioden 2015-2017. Ein har tatt utgangspunkt i tilskotssats vaksne medrekna satsauke på 3 % for kvart år. Reell samansetting i faktisk mottak er utfordrande å planlegge. Dette gjev følgjande prognose for nye flyktningar kombinert med tidlegare mottak for flyktningar som framleis har tilskotsrett innan 5 års tilskotsperiode:

	Ankomstår	Ant flyktn	Tilskuddssats	Periode	Tilskudd
2014	2010	16	70000	År 5	1 120 000
	2011	10	80000	År 4	80 000
	2012	4	142600	År 3	570 400
	2013	13	200000	År 2	2 600 000
	2014	10	177000	År 1	1 770 000
					6 140 400
2015	2011	10	70000	År 5	700 000
	1012	4	80000	År 4	320 000
	2013	13	146878	År 3	1 909 414
	2014	10	206000	År 2	2 060 000
	2015	15	182300	År 1	2 735 000
					7 724 414
2016	2012	10	70000	År 5	700 000
	2013	3	80000	År 4	240 000
	2014	10	151300	År 3	1 513 000
	2015	15	212200	År 2	3 183 000
	2016	15	187800	År 1	2 817 000
					8 453 000
2017	2013	3	70000	År 5	210 000
	2014	10	80000	År 4	800 000
	2015	15	155800	År 3	2 337 000
	2016	15	218500	År 2	3 277 500
	2017	15	193400	År 1	2 901 000
					9 525 500
Tilskudd tot					31 843 314

I tal over legg ein tilgrunn sats for vaksen/born. Dette kan endrast ved endeleg busetting. Kommunen kan i tillegg søkje om mottak av barnehagetilskot, eldretilskot, særskilt tilskot einslege mindreårige samt tilskot til personar med kjente funksjonsnedsetingar jfr Rundskriv 01/14 (vedlegg)

4.2 Prognose introduksjonsstønad 2014 - 2017

Under følger prognose kostnad ved introduksjonsstønad i planperioden. Føresetnad tal flyktningar er lik punkt 4.1. Ein legg vidare til grunn at mottak skjer jevnleg ila året. Det vil difor vere ulike tal flyktningar i introduksjonsprogram per måned avhengig av den einskilde sin progresjon. Samla oversyn inkluderer og eksisterande flyktningar som allereie er i program.

2014	2015	2016	2017	2014-2017
1 889 000	1 828 000	2 669 000	3 234 000	9 620 000

4.3. Andre sosiale kostnader

Utrekning bygger på erfaringsdata frå NAV, og gjeld i hovudsak: livsopphald, husleige, straum, kler, etableringskostnader/inventar, helseutgifter/tannlege, tolketeneste, bilutgifter. Stipulert samla kostnad for årleg mottak av nye flyktningar i perioden 2014 – 2017 er vurdert til om lag kr. 900.000,- per år. Talet må vurderast justert årleg.

4.4 Samla økonomisk prognose for perioden 2014-2017

	2014	2015	2016	2017	Totalsum
Integreringstilskot per 2013	4 370 000	2 929 000	940 000	210 000	8 449 000
Integreringstilskot 2014-17	1 770 000	4 085 000	7 513 000	9 315 000	23 393 000
Norskopplæring - refusjon Sum inntekter	1 200 000				1 200
	7 340 000	7 724 000	8 453 000	9 525 000	33 042 000
Introduksjonsstønad etablerte og nye	1 889 000	1 828 000	2 669 000	3 234 000	9 620 000
Lønskostnader NAV og Helsestasjon 3 årsverk (2,8 NAV og 0,2 helsestasjon)	1 653 000	1 700 000	1 700 000	1 700 000	6 753 000
Sosiale kostnader	830 000	900 000	900 000	900 000	3 530 000
Norskopplæring - kostnader	1 200 000				1 200
Utgifter tenesteområder, obj.kode Sagstad skule PUK Tolk andre	638 000				638 000
	50 000				50 000
	30 000				30 000
	6 290 000	4 428 000	5 269 000	5 834 000	21 821 000
	1 050 000	3 296 000	3 184 000	3 691 000	11 221 000

MERK: Lønnskost må justerast årleg jfr reell lønnsvekst. I høve utrekning for andre tenesteområder samt norrskopplæring vert desse ikkje prisa i tabell over. Ein vurderer desse årleg jamfør budsjetthandsaming. Etter godkjenning av kostnad vert det nytta objektkode for postering i rekneskap.

Vurdering:

Meland kommune har i perioden 2009-2013 teke samfunnsansvar, og busatt 58 flyktningar inklusiv familiegjenforening. Kommunen arbeider for å nå måltall for perioden 2014 - 2016 jamfør KS sak 078/13 med samla mottak av ytterlegare 30 nye flyktningar.

Mottak av flyktningar er å rekne som ei permanent kommunal oppgåve. Det er difor trong for å oppretthalde og vidareutvikle etablert kompetanse innan ulike tenesteområde kombinert med planmessig auke i busetting- og integreringsverksemd.

Årsrekneskap 2013 syner at finansieringsgrunnlag og drift av busettingsverksemd flyktningar gav overføring til bundne fond 2014 med kr. 2.004.383,-.

Rådmann vil ikkje tilrå å stette oppmoding frå IMDI om å auke tall flyktningar for 2014 ytterlegare. Etter ei samla vurdering av oppfølgingskapasitet i organisasjon (til dømes NAV, skule, helse, barnevern) vil ein tilrå å opprettheld gjeldande vedtak for inneverande år jamfør både 078/13 og 06/14.

Når det gjeld perioden 2015-2017 er rådmann open for å vurdere ei forsiktig og forsvarleg auke i måltall med 5 nye personar per år i planperioden. Dette er grunna kombinasjon etablert kompetanse i organisasjon samt endring i føringar frå IMDI med omsyn til krav til kommunal tilrettelegging av bustad. I tillegg har kommunen per tid økonomisk sikring med omsyn til prinsipp om bundne fond.

Ny auke i tall busetting flyktningar for 2015-2017 bør ha som føresetnad at aktuelle flyktningar sjølv må bidra til å etablere tenleg husvære i kommunen. Kommunen bør vurdere å krevje godkjenningsskrav av leigesum for aktuelle husvære.

Folkehelse – ingen
merknad. Miljø – ingen
merknad.
Økonomi – ingen merknad anna enn saksutgreiing.

Konklusjon

Rådmann rår kommunestyret til å halde fast på måltal busetting flyktningar for 2014. Ein kan tilrå ytterlegare auke av KS sak 078/13 med 5 flyktningar per år i perioden 2015-2017. Det er ein føresetnad at auke krev at den einskilde flyktning sjølv bidraeg til etablering av tenleg husvære.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret viser til visjon om at Meland skal vere «Eit samfunn for alle». Visjonen inkluderer eit samfunnsansvar i høve til busetting og inkludering av flyktningar.

Kommunestyret godkjenner følgjande:

1. Meland kommune opprettheld vedtak jamfør KS sak 078/13 og 06/14 om mottak av 10 nye flyktningar for 2014.
2. Meland kommune godkjenner mottak og busetting av samla tal flyktningar med 15 personar per år i perioden 2015-2017. Det er ein føresetnad at 1/3 av aktuelle flykningar sjølv bidra til å etablere tenleg husvære i kommunen per år. Aktuell leigesum for privat husvære skal godkjennast av kommunen.
3. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyre sak 108/12. Integreringstilskot skal til ei kvar tid skal øyremerkast ressursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemd (bundne fond)

4. Ressursar relatert til eventuell familiegjenforening kjem i tillegg til måltal over, og vert utført kontinuerleg etter godkjente vedtak. Integreringstilskot ved familiegjenforening skal praktiserast jf punkt 3 over.”

Formannskapet - 70/2014

FS - behandling:

Framlegg til vedtak frå Lars Barstad, V:

Pkt 2 i rådmannen sitt framlegg til vedtak går ut.

Framlegg til vedtak frå Marit Jøssang, KrF.

Dei 2 siste setningane i pkt 2 i rådmannen sitt framlegg til vedtak går.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, 7 røyster mot, og fall.

Framlegget frå Lars Barstad fekk 3 røyster for, (V, H, FrP), 4 røyster mot, og fall.

Framlegget frå Marit Jøssang fekk 4 røyster for, (KrF, SAM, SP, AP), 3 røyster mot, og er såleis vedteke.

FS – framlegg til vedtak:

Kommunestyret viser til visjon om at Meland skal vere Eit samfunn for alle. Visjonen inkluderer eit samfunnsansvar i høve til busetting og inkludering av flyktningar.

Kommunestyret godkjenner følgjande:

1. Meland kommune opprettheld vedtak jamfør KS sak 078/13 og 06/14 om mottak av 10 nye flyktningar for 2014.
2. Meland kommune godkjenner mottak og busetting av samla tal flyktningar med 15 personar per år i perioden 2015-2017.
3. Meland kommune opprettheld prinsippvedtak i kommunestyre sak 108/12. Integreringstilskot skal til ei kvar tid skal øyremerkast ressursbruk relatert til busettings- og integreringsverksemd (bundne fond).
4. Ressursar relatert til eventuell familiegjenforening kjem i tillegg til måltal over, og vert utført kontinuerleg etter godkjente vedtak. Integreringstilskot ved familiegjenforening skal praktiserast jf punkt 2 over.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FA - H16, FE - 026, HistSak - 13/1675, HistSak - 12/1940	14/1978

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
71/2014	Formannskapet	PS	24.09.2014
58/2014	Kommunestyret	PS	15.10.2014

Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS (RNH)

Vedlegg:

Selskapsavtale for Region Nordhordlands Helsehus IKS(RNH)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunane i Region Nordhordland 1gjorde hausten 2013 vedtak om å byggja eit Region - og helsehus på om lag 8000 m2, oppført og drifta av eit interkommunalt selskap(IKS). Heretter kalla *Region Nordhordland Helsehus IKS*{RNH}

Bakgrunn for vedtaket var bl.a.

- Kommunestyrevedtak i alle Nordhordlandskommunane som støttar opp om interkommunalt samarbeid for å vurdere samlokalisering av helsetenester i Nordhordland, januar/februar 2010.
- Kommunestyrevedtak i alle Nordhordlandskommunane med tilslutning om å vidareføre utgreiingsprosjekt og lokalisering av bygg m.v . mai/juni 2012 .
- «Forprosjekt Helsehus i Nordhordland», rapport med vedlegg og orientering til alle kommunestyra, hausten 2012.
- Vedtak i Lindås kommunestyre om nærare utgreiing retta mot innhald, tomt, eigarskap, økonomi, og organisering, februar 2013 .
- Rapport Helsehus i Nordhordland med tilråding om innhald, tomt, eigarskap, økonomi, og organisering, NUI september 2013 .

Sidan Region Nordhordland Helsehus IKS vil ha ein relativ stor økonomi, og at målet med selskapet vil vere annleis enn for Nordhordland utviklingselskap IKS(NUI) vil det vere mest tenleg å ha dette i to åtskilte selskap.

Med bakgrunn i dette vert det etablert eit eige IKS med heimel i Lov om interkommunale selskap av 29.januar 1999, eigd av dei ni samarbeidskommunane i Region Nordhordland.

Regionrådet har i møte 11.april 2014 slutta seg til framlegg til *Selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus /KS*, med fordeling av røyser, eigardel og rammer for låneopptak, slik det er utforma i avtalen, men med justeringar som kom fram i møtet.

Regionrådet har bedt Nordhordland Utviklingselskap IKS (NUI) legge fram selskapsavtalen for

handsaming i eigarkommunane.

Avtalen vart sendt til handsaming i kommunane i 30.04.2014, men grunna tilbakemeldingar og spørsmål, særleg retta mot § 11 *Utmelding* har avtalen vore til ny gjennomgang, og endringar er gjort etter rådføringar med advokatkontor med kompetanse på området. Dette for å sikra ein best mageleg avtale.

Formålet med selskapet:

Selskapet skal planlegge, byggje, drifte og leige ut lokale til offentleg tenesteyting, fortrinnsvis helse - og omsorgstenester for kommunane i Region Nordhordland.

Når selskap er etablert vil det bli inngått intensjonsavtalar med aktuelle leigetakarar. Ein slik avtale er viktig for mellom anna å stadfeste kontakten mellom partane, synleggjera arealbehov og særlege krav til tekniske løysingar, samt intensjon om leigeperiode . Før byggeprosjektet vert sendt ut på anbod skal der vere underskreve forpliktande leigeavtalar .

Finansiering:

Finansiering av bygget vil skje gjennom lån samt eit tilskott frå Husbanken. Det er ikkje lagt opp til nokon innbetaling av eigenkapital. Det er etablert dialog med Kommunalbanken som p.t er den som ser ut til å kunne gi best lånevilkår for kommunar og IKS. Kommunalbanken sine signal er positive til å kunne gi tilbod om lån til eit slikt selskap.

Husbanken har tilskottsordning som kan vere med å finansiere døgnplassar. Tilskottet kan maksimalt vere 1,6 mill kr pr plass/rom. Avhengig av kor mange plassar som vert godkjent reknar ein med at tilskottet vil kunne utgjere om lag 15 - 20 mill kr.

Selskapet vil søke om frivillig registrering i Merverdiavgiftsregisteret etter Merverdiavgiftsloven § 2-3. Selskapet vil da oppnå frådragsrett for inngåande meirverdiavgift (MVA) for både oppføringskostnader og driftskostnader på det arealet som vert leigd ut til kommunar eller IKS, fordi dei er omfatta av ordninga med momskompensasjon. Det arealet som vert leigd ut til Helse Bergen HF gir ikkje rett til frådrag for inngåande MVA. Dette er bekrefta i brev frå Skatteetaten - Skatt vest. Tilskott og refusjon av MVA vil komme etter at utbetalingane har skjedd. Det gjer at selskapet må ha likviditet til å tåle den tidsforskyvinga som er mellom utbetalingar og innbetalingar. I selskapsavtalen vert det fastsatt ramme for selskapet sitt samla låneopptak (7-4). Denne ramma må difor vere høgare enn kva ein forventar i netto kostnad for det totale prosjektet. Endeleg opptak av lån vert godkjent av representantskapet (4-7). Dette er bakgrunn for at ein foreslår at selskapet si låneramme skal vere 300 mill kr.

I eit IKS så heftar eigarane for selskapet sine forpliktingar for den eigarandelen som dei har i selskapet.

Drift av selskapet:

Representantskapet er øvste organ i selskapet og vel styre. Representantskapet og styret si samansetting, rolle og ansvar går fram av selskapsavtalen og Lov om interkommunale selskap. Selskapet skal ha ein dagleg leiar som er tilsett av styret. Dagleg leiar har ansvaret for dagleg leiing og drift av selskapet og rapporterer til styret.

For å nytte ressursane best magleg, og for å få realisert og drifte det nye selskapet(RNH) vil det vere naturleg at Region Nordhordland Helsehus IKS(RNH) kjøper administrative tenester frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS(NUI).

Viktige element i avtalen:

Selskapet skal ha ansvar for å planlegge, byggje, drifte og leige ut lokale til offentlig tenesteyting. Selskapet sitt øvste organ er representantskapet. Fordeling av røyster i representantskapet er basert på eigardelen i selskapet, slik det er vist til §4 i avtalen.

Kommunane betalar ikkje inn noko innskotskapital i selskapet.

Kommunane sin eigar-/ansvarsdel i selskapet er fordelt etter følgjande prinsipp:

- 20 % fordelt likt på alle kommunane
- 80 % fordelt ut i frå folketalet som er 01.01.14

Høgaste ramme for selskapet si samla låneopptak er 300 millionar kroner. Representantskapet skal godkjenne låneopptak etter framlegg frå styret.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

1. Meland kommune sluttar seg til etablering av *Region Nordhordland Helsehus* IKS og selskapsavtalen slik den er framlagt i saka.
2. Meland kommune gir ordførar fullmakt til å vera kommunen sin representant på stiftingsmøtet til selskapet.

Formannskapet - 71/2014

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

1. Meland kommune sluttar seg til etablering av *Region Nordhordland Helsehus* IKS og selskapsavtalen slik den er framlagt i saka.
2. Meland kommune gir ordførar fullmakt til å vera kommunen sin representant på stiftingsmøtet til selskapet.

Protokolltilførsel frå Marit Jøssang, KrF:

"Punkt 5-1 i selskapsavtalen bør endrast til:

"Styret består av fem medlemmer og to varamedlemmer."

Dette for å sikre breidde med omsyn til både representasjon og kompetanse."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - L12, TI - &34	14/2093

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
72/2014	Formannskapet	PS	24.09.2014
59/2014	Kommunestyret	PS	15.10.2014

Planprosess for Midtmarka, Flatøy. Status og vidare arbeid

Vedlegg:

Statusrapport Midtmarka korrektur 15.09.2014

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har i lengre tid vore oppteken av utviklinga på denne delen av Flatøy, m.a. gjennom ein «disposisjonsplan» frå 1970. Det er også fremja reguleringsplanar som seinare er oppheva. Midtmarka, Håøya og Rotemyra er i gjeldande (gammal) kommuneplan vist som «Område som skal regulerast», og kommunen varsla oppstart av reguleringsplanarbeid i 2004. Det vart etablert eit offentleg – privat samarbeid mellom kommunen og grunneigarane der m.a. aktuelle utviklarar av området deltok og finansierte planarbeidet, som Opus Bergen AS utførte. Planprogrammet vart godkjent av kommunestyret i møte 16.06.2010.

Dei første private utviklarane trekte seg frå arbeidet, andre har vist interesse for å ta over men utan at det har ført til eit forpliktande samarbeid. Kommuneplanen sin arealdel er no under revisjon, og kommunen v/ordførar inviterte plankonsulenten og dei aktuelle grunneigarane til eit drøftingsmøte 23. april 2014 omkring status. Her vart det kjent at grunneigarane har gjort avtale med Sandland Eigedom om utvikling av Midtmarka.

I det pågåande arbeidet med revisjon av arealdelen av kommuneplanen er Flatøy eit sentralt utviklingsområde, i aksen Frekhaug – Flatøy – Knarvik. Midtmarka inngår i denne aksen, vist som eit generelt område for busetnad og anlegg med krav til felles planlegging.

Planprogrammet frå 2010 er noko gammalt og treng oppdatering / revisjon i høve til dagens situasjon. Administrasjonen ser det som viktig at det vidare planarbeidet får ei rasjonell framdrift, og Opus Bergen AS vart bedt om å utarbeide ein statusrapport for planarbeidet. Det er viktig å få ei avklaring på situasjonen i høve til overordna planar og føringar for utviklinga (regionalt og lokalt) og kva som må til av planarbeid og tilrettelegging for å komme vidare.

Vurdering

I statusrapporten frå Opus Bergen AS er det gjort ein gjennomgang av utarbeidd planmaterieil, av tilhøvet til pågåande kommuneplanarbeid, tilhøvet til regionale og interkommunale planar, vurdering av gjeldande planprogram og trong for nye utgreingar. Rapporten avslutter med framlegg til ny styringsstruktur og tidsplan.

Rapporten konkluderer med at det bør utarbeidast ein områdeplan (kommunal plan) i tråd med ny plan- og bygningslov § 12-2. Jf også høyringsframlegget til kommuneplanen sin arealdel.

Flatøy er eit særst viktig knutepunkt for infrastruktur. Ei tilrettelegging av ulike utbyggingsområde her vil kunne vere med på å styrke heile Nordhordlandsregionen og regionsenteret i Knarvik, ved å trekke til seg nye innbyggjarar og meir næringsaktivitet. I så måte kunne områdeplanen også ha omfatta Roteviksmyra og kollektivknutepunkt m.v., men administrasjonen meiner det er hensiktsmessig å ikkje innlemme for mykje i kvar plan. Kommuneplanen sin arealdel er i alle høve styrande.

Den offentlege områdeplanen skal tilrettelegge den overordna strukturen og legge føringar for utforming og utbygging av delområda, som utbyggjar så utformer i detalj gjennom mindre reguleringsplanar, tilpassa godkjent utbyggingstakt mm. Ein ny utbyggjar har inngått avtale med grunneigarane, og administrasjonen meiner at kommunen bør prioritere områdeplanen for Midtmarka.

Sjølv om plan- og bygningslova påpeiker at områdeplanen er ein kommunal plan, opner lova for at kommunen kan inngå avtale med private aktørar om sjølve utarbeidinga av planen. Administrasjonen meiner situasjonen i dette området ligg godt til rette for eit slikt offentleg – privat samarbeid, og rår til at kommunen inngår avtale med utbyggjar, der utbyggjar engasjerer plankonsulent som kommunen godkjenner.

Statusrapporten inneheld elles ein del kommentarar til kommuneplanen sin arealdel. Desse vert vurdert i høyringsprosessen til kommuneplanen.

Styringsstruktur

Statusrapporten gjer framlegg om ein styringsstruktur der planarbeidet blir utført i nært samarbeid med såkalla ressursgrupper, for å ivareta både faglege og private interesser i utviklinga av området. Det er ein føresetnad at plankonsulenten også samarbeider tett med kommunen si fagavdeling. Dette skal sikre at det offentlege har kontroll og styring med planprosessen, samstundes som planen sikrar ei rasjonell utvikling og gjennomførbare løysingar.

Det er så innført eit nytt styringsledd, eit prosjektstyre der rådmannen og utviklaren av området løyser eventuelle konflikter eller usemje som måtte oppstå. For Meland er dette ein ny modell som administrasjonen finn interessant. Rådmannen må så løfte prinsipielle spørsmål opp til formannskapet, som er politisk styringsgruppe på vegne av kommunestyret.

Folkehelse: Ikkje aktuell problemstilling på dette nivået

Miljø: Ikkje aktuell problemstilling på dette nivået

Økonomi: Krev kapasitet i administrasjonen. Planavdelinga har fått utvida kapasitet og vil prioritere oppgåva.

Konklusjon

Rapporten avklarar planstatus og trong for vidare planprosess slik administrasjonen ba om og rådmannen meiner situasjonen no ligg til rette for å inngå avtale med utbyggjar om utarbeiding av ein områdeplan for Midtmarka. Rådmannen sluttar seg til rapporten sine tilrådingar om supplering og oppgradering av planprogram og utgreiing av deltema. Rapportar og utgreiingar mm som vart utarbeidd i førre periode vert ført vidare i den grad det ikkje er trong for oppdateringar. Planprogrammet må reviderast eller utarbeidast på nytt, avhengig av kva som er hensiktsmessig arbeidsform.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret i Meland tek statusrapporten for Midtmarka på Flatøy, august 2014, til orientering. Planarbeidet vert vidareført som offentleg områdeplan i nært samarbeid med private partar.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med utviklar om val av konsulent og utføring av planarbeidet. Det er ein føresetnad at utviklaren av området tek kostnadene med planarbeidet og retter seg etter føringane som vert lagt til grunn for planarbeid og utbygging.

Formannskapet vert politisk styringsgruppe for arbeidet, som elles følgjer styringsstrukturen i rapporten.

Kommentarane til kommuneplanen sin arealdel vert å vurdere i høyringsprosessen til denne.»

Formannskapet - 72/2014**FS - behandling:****FS – framlegg til vedtak:**

Kommunestyret i Meland tek statusrapporten for Midtmarka på Flatøy, august 2014, til orientering. Planarbeidet vert vidareført som offentleg områdeplan i nært samarbeid med private partar.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med utviklar om val av konsulent og utføring av planarbeidet. Det er ein føresetnad at utviklaren av området tek kostnadene med planarbeidet og retter seg etter føringane som vert lagt til grunn for planarbeid og utbygging.

Formannskapet vert politisk styringsgruppe for arbeidet, som elles følgjer styringsstrukturen i rapporten.

Kommentarane til kommuneplanen sin arealdel vert å vurdere i høyringsprosessen til denne.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alexander Helle	HistSak - 12/1154, FA - L13	14/1158

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
60/2014	Kommunestyret	PS	15.10.2014

Reguleringsplan Hoplandsdalen Jorddeponi - klage på vedtak om avvisning av planforslag.

Vedlegg:

1517_001

Hoplandsdalen jorddeponi - klage på vedtak

Hoplandsdalen jorddeponi - klage på vedtak

5103637-plankart_01_20140828

5103637-Føresegner Regplan Hoplandsdalen 20140828

Reguleringsplan Hoplandsdalen Jorddeponi - 5.g.handsaming - Framlegg til godkjenning

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi har vore fremja fleire gonger, fyrste gong i møte 20.03.09. Administrasjonen tilrådte da at behandling av søknaden vart sett på vent til rullering av kommuneplanen var ferdig. Utval for drift og utvikling, UDU, valde å sjå bort frå tilrådinga, og vedtok samrøystes i møte 16.06.09 oppstart av reguleringsarbeidet, eit vedtak kommunestyret bekrefta i møte 16.09.09. Sidan har UDU behandla reguleringsplanen fleire gonger, og ved siste behandling av kommunestyret, sak 46/2014 i møte 18.06.2014, vart framlegget for reguleringsplan avslått av fleirtalet. Avslaget vert grunngjeve med dei negative konsekvensar tiltaket vil ha for nærmiljøet, både med tanke på støv og støyprobatikk, trafikkfare (ulykkesfare) i samband med barnehage/skuleveg, samt uvisse rundt dei miljømessige farane eit deponi vil medføra for nærmiljøet og kulturområde Holmeknappen.

Avslaget er påklaga av utbygger Vassbak og Stol AS i brev av 23.06.14. I tilleggsbrev av 08.08.2014 oppmodar dei om ny handsaming av framlegget.

I klagebrevet av 23.06.14 vert det framheva at tiltaket har vore positivt motteke av dei regionale offentlege instansane, at eit jorddeponi vil gje fordelar for framtidige byggeprosjekt i kommunen, at framleggsstillar under heile prosessen har imøtekomme kommunale vedtak, og at tiltaket vil resultera i opprusting av vegnettet, ny gang og sykkelsti, og 90 daa nytt fulldyrka jordbruksareal. Det vert også varsla rettslege steg for å få erstatning for utgiftene framleggjar har hatt i samband med reguleringsplanen om avvisinga vert ståande.

I tilleggsbrev av 08.08.14 oppmodar forslagsstillar til ny handsaming av planforslaget, men endra slik at masseuttak/steinuttak vert teke ut av planen. Dvs. at det aleine vert regulert for depot av jordmassar. I fylgje forslagsstillar vil da maksnivået for støy bli vesentleg redusert, da det ikkje vert aktuelt korkje å sprenga eller knusa stein i reguleringsområdet utover anleggsfasen (oppstartsfasen).

Produksjonen av fint støv vil også verta redusert. Forslagsstillar føreset at denne reduksjonen av tiltaket kan behandlast som ein del av den framlagte reguleringsplanen, og at det ikkje vert sett krav om utarbeiding av ny reguleringsplan.

Om klagen ikkje vert teken til fylgje ber forlagsstillar om at klagen vert sendt Fylkesmannen i Hordland for handsaming.

I samband med behandlinga av klagen ber forlagsstillar om at habiliteten til UDU-medlem Per Kristian Holmetun vert avklart, og at det vert utgreidd om det har vore saksbehandlingsfeil i habilitetsvurderinga av Holmetun i tidlegare vurdering av spørsmålet.

Framleggsstillar påpeikar også at pga. ei svært lang og uforutsigbar handsaming av framlegget har utgiftene til reguleringsarbeidet vore særskilt store, og at dei difor må vurdere grunnlaget for å be kommunen dekkja delar av plankostnadene.

Vurdering

Etter opplysningane som kjem fram i klagen og tilleggsbrevet er no framlegget til reguleringsplan redusert i omfang, ved at uttak av stein og massar er teke ut av framlegget. Dei negative sidene ved denne delen av tiltaket; støy, støv og transport, fell dermed bort. Negative konsekvensar knytt til eit jorddeponi vil vera dei same som i tidlegare utgreingar, i hovudsak frå støy og trafikk. Forslagsstillar meiner såleis å ha imøtekomme nokre av dei innvendinga som vart reist da planen vart avvist i kommunestyremøte 46/2014 den 18.06.2014. Dei positive verknadane av tiltaket vil elles vera dei same som i tidlegare framlegg; ein vil få ei føreseieleg handtering for store volum av massar frå utbyggingsfelt i regionen, Fv247 vert utbetra, det vert etablert gang- og sykkelveg, og det vert etablert 90 da nytt areal med dyrka mark.

Folkehelse, Miljø og Økonomi: Dette er gjort greie for i tidlegare handsaming av saka, sist til Kommunestyremøte nr 46/2014.

Konklusjon

Forslagstillar sitt ynskje om å få behandla ein redusert plan vert lagt fram for kommunestyret som planmynde etter plan og bygningslova (pbl) § 3-2, jamfør § 3-3. Dersom kommunestyret vel å behandla eit justert planforslag må reguleringsføresegnene endrast i samsvar med opplysningane som kjem fram i tilleggsbrevet av 08.08.2014. Alle føresegner som omhandlar stein-/maseuttak må endrast eller takast ut av planen. Det kan skje ved at kommunestyret sender planen attende til administrasjonen for utarbeiding av ny ordlyd i tråd med endringsforslaga og slutthandsaming. Ved endring av § 3.3.3 i føresegna bør ein vurdere om jorddeponiet skal få ei tidsramme for avslutning av tiltaket. Med eit eventuelt redusert planomfang ser ikkje administrasjonen det som naudsynt med ei ny høyring av planen, da denne alt er grundig vurdert, og innkomne merknader frå privatpersonar, samt politiske føringar frå statlege og regionale styresmakter i stor grad er tatt omsyn til av forlagsstillar. Plansaka må i så fall fremjast for UDU før ny slutthandsaming i kommunestyret.

Om kommunestyret veljer å ikkje behandle eit justert planforslag må klagen på avvisning behandlast på vanleg måte via UDU jamfør pbl § 12-12.

Administrasjonen legg ved dette saka fram for kommunestyret for handsaming.

Framlegg til vedtak:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne-Lise Næs Olsen	HistSak - 11/1397, FA - L12	14/1160

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
87/2014	Utval for drift og utvikling	PS	14.10.2014
61/2014	Kommunestyret	PS	15.10.2014

Klage på reguleringsplan Elvaåsen

Vedlegg:

Klage på reguleringsplan Elvaåsen.

Kommentar til melding om eigengodkjenning av reguleringsplan - Melan

Plankart Regplan Elvaåsen 290413

Saksopplysningar:

Vedlegg:

1. Klage frå Stine og Kristoffer Frekhaug Bransdal og Åse Frekhaug Thorsen
2. Merknad frå Fylkesmannen i Hordaland
3. Godkjent plankart

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Meland kommunestyre godkjente 25.09.2013 reguleringsplan for Elvaåsen i sak 063/13.

Godkjenninga vart kunngjort med klagefrist 11.04.2014.

Det er kome inn ein klage og ein merknad til vedtaket. Klagen er samla kome frå Stine Frekhaug Bransdal for eigedom 23/520 ,frå Åse Frekhaug Thorsen for eigedom 23/80, og frå Knut Henrik Børhaug for eigedom 23/86. Merknad er frå Fylkesmannen i Hordaland. Klagen er motteken 11.04.2014 og innan klagefristen, medan merknad frå Fylkesmannen er framsett 28.05.2014 og ikkje innan fristen.

Under er klage og merknad referert som dei vart lagt fram, og administrasjonen sine vurderingar følger.

Klage frå Stine og Kristoffer Frekhaug Bransdal, frå Åse Frekhaug Thorsen og frå Knut Henrik Børhaug:

I følge plantegningene for Elvaåsen, så kommer det fram at bygg BK19 og BK20 skal byggjes på kote 30 og 31, som grunnplan. Bygningene har en høyde på 9 m. Dette vil si at topp mønehøyde vil ligge på kote 39 og 40. Med denne høyden vil disse bygningene rage 12 meter over 23/520, 8 meter over 23/80 og 4 meter over 23/86.

Dette vil få store negative konsekvenser for eiendommene. Vi håper og tror at dette er en feil som er gjort i henhold til planleggingen. Det bør ikke gis gjennomslag for bygg BK19 og BK20 etter vurdering av konsekvensene dette gir for nabotomtene.

Noen av konsekvensene dette gir er at disse bygninger vil ta all kveldsol fra oss som bor i Elvavegen 18 og 20, samt all utsikt mot sør, for de som bor på 23/80. Dette vil i ytterste konsekvens ta fra oss mye av livskvaliteten og det vil forringe verdien av våre eiendommer betraktelig.

Terrenget i dag ligger på 28ph. Vi stiller oss forundret over at utbygger her skal få bygge opp terrenget. Vi tror derfor at dette er en feil som selvfølgelig kan rettes, og ikke minst nå i denne fasen, da grunnarbeid ennå ikke er påbegynt.

Derfor tror vi at teknisk etat, i Meland Kommune, er oss behjelpelig i denne saken, slik at vi slipper å gå videre til neste organer.

Administrasjonen si vurdering:

Administrasjonen vurderer at klagarar har rettsleg klageinteresse etter § 28 i Forvaltningslova då eigedommane deira vert direkte påverka av vedtak 063/13 i kommunestyret. Kommunen lyt såleis realitetshandsame klagen, og her lyt krav til tilfredsstillande tilkomst vurderast opp imot utsikt og soltilhøve.

Administrasjonen ser at det kan verte uheldig for klagarar sine eigedommar å få nye bygningar ruvande inntil 12 høgdemeter over eksisterande bygningar, og ser også at utsikt og soltilhøve kan bli påverka. Desse eigedommane vil likevel etter administrasjonen si vurdering, ha tilfredsstillande lystilhøve og utsikt etter dei krav som lova set, jf. byggt teknisk forskrift kap. 13.

Administrasjonen meiner det vil vere urimeleg og lite gunstig å krevje at planlagde bygningar skal plasserast lågare på grunnplanet enn kote + 30/31 som er planlagt i dag. Dette fordi høgdeplassering av nye bygningar m.a. avheng av høgdeplassering for tilkomstvegen, og denne er i området planlagt på omlag kote +34. For å få til ei brukbar stigning på tilkomsten til BK19 og BK20, så er ein avhengig av å tilpasse terrenget litt, og i dette tilfellet så inneber det å fylle litt på desse tomtene.

Plan- og bygningslova (pbl) med forskrifter har i dag stort fokus på tilgjengeleg tilkomst til nye eigedommar, og kommunen lyt i så stor grad som mogeleg, leggje til rette for gode stigningstilhøve. I pbl § 1-1 heiter det at prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og krava til det enkelte byggetiltak. I Byggt teknisk forskrift kap. 8 heiter det vidare at tiltak skal ha tilfredsstillande kjøretilkomst tilpassa tiltaket sin funksjon, og at gangtilkomst frå kjørbær veg og parkering til inngangsparti, i utgangspunktet skal vere trinnfri og ikkje ha større stigning enn 1:20.

Kommunen lyt ivareta krava i pbl om å sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak, og prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og krava til det enkelte byggetiltak. Administrasjonen meiner at å ivareta tilfredsstillande tilkomst veg tyngre enn ulempene med redusert utsikt og soltilhøve i denne saka, og meiner såleis at høgdeplassering av nye bygningar

på BK19 og BK20 bør vere om lag som i godkjent reguleringsplan.

Administrasjonen kan ikkje sjå at klagen inneheld opplysningar som er av ein slik karakter at kommunen bør endre den godkjente reguleringsplanen, og rår til at ein ikkje skal gje klagarar medhald i klagen.

Merknad frå Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen viser til eigengodkjenning av reguleringsplan for Utkiken - Elvåsen på Frekhaug. Vi har ein merknad som gjeld føresegn § 2.3. utbyggingsavtale. Slik føresegna er utforma er ho ikkje i samsvar med plan- og bygningslova (pbl). Det er ikkje høve til å stille krav om at utbyggingsavtale skal inngåast. Sjå plan- og bygningslova § 11-9 og § 17-2. Kommunen kan derimot stille rekkefølgekrav i planen som kan løysast gjennom utbyggingsavtale. Utover dette legg vi til grunn at planen er vedtatt slik den vart lagt fram før våre motsegner vart trekt.

Administrasjonen si vurdering:

Når det gjeld merknad frå Fylkesmannen så meiner administrasjonen av denne må takast til etterretning sjølv om merkningen er komen for seint til kommunen, dette fordi føresegna § 2.3 ikkje er i samsvar med pbl.

Opphavleg føresegn lyder slik:

§ 2.3. Utbyggingsavtale

- 1. Før byggjeløyve kan gjevast skal det føreliggje underskriven utbyggingsavtale mellom Meland kommune og tiltakshavar.*
- 2. Utbyggingsavtalen skal innehalde rekkefølgekrava i § 2.4, samt avtale om opparbeiding av VA-nett og påkobling til offentleg VA. Partane kan bli samde om at utbyggingsavtalen og kan omhandla andre tilhøve.*

Administrasjonen ser at føresegn § 2.3. ikkje er i samsvar med plan- og bygningslova då avtalar skal inngåast frivillig, og då vi i opphavleg føresegn stiller krav om at utbyggingsavtale skal inngåast. Eit løyve har ein generelt krav på dersom tiltaket er i samsvar med plan. Av pbl § 17-2 går det elles fram at utbyggingsavtalar må ha grunnlag i kommunale vedtak fatta av kommunestyret sjølv.

Administrasjonen meiner difor at denne føresegna lyt endrast som følgjer:

§ 2.3. Utbyggingsavtale

1. Det kan utarbeidast utbyggingsavtale mellom Meland kommune og tiltakshavar.
2. Utbyggingsavtalen bør utanom rekkefølgekrava i § 2.4, avklare opparbeiding og overtaking av anlegg for offentleg drift. Utbyggingsavtalen kan også omhandla andre tilhøve i samsvar med Plan- og bygningslova.

Folkehelse, miljø eller økonomi vert elles ikkje etter administrasjonen si vurdering påverka av endringa.

Konklusjon

Administrasjonen rår til at klage frå naboar på reguleringsplan for Elvaåsen ikkje vert teken til følgje. Dette fordi klagen ikkje inneheld nye opplysningar av ein slik karakter at kommunen bør endre den godkjente reguleringsplanen.

Administrasjonen rår vidare til at § 2.3 i reguleringsføresegna vert endra som følgjer:

§ 2.3. Utbyggingsavtale

- 1. Det kan utarbeidast utbyggingsavtale mellom Meland kommune og tiltakshavar.*
- 2. Utbyggingsavtalen bør utanom rekkeføljekrava i § 2.4, avklare opparbeiding og overtaking av anlegg for offentleg drift. Utbyggingsavtalen kan også omhandla andre tilhøve i samsvar med Plan- og bygningslova.*

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret finn at motteken klage dagsett 2.4.2014 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at godkjenning av 25.9.2013 i Kommunestyret sak 063/13 kan gjerast om. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje.

Det vert vist til sakutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.
Saka vert på denne bakgrunn sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Kommunestyret gjer om § 2.3 i føresegner som vert endra som følgjer:

§ 2.3. Utbyggingsavtale

- 1. Det kan utarbeidast utbyggingsavtale mellom Meland kommune og tiltakshavar.*
- 2. Utbyggingsavtalen bør utanom rekkeføljekrava i § 2.4, avklare opparbeiding og overtaking av anlegg for offentleg drift. Utbyggingsavtalen kan også omhandla andre tilhøve i samsvar med Plan- og bygningslova.»*

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne-Lise Næs Olsen	FA - L13, HistSak - 11/1825	14/1277

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
88/2014	Utval for drift og utvikling	PS	14.10.2014
62/2014	Kommunestyret	PS	15.10.2014

Reguleringsendring - E39 over Flatøy - 2. gongs handsaming og godkjenning

Vedlegg:

R01-02.06.14

R01-02.06.14

Uttale

Uttale - Reguleringsplan E39 over Flatøy - Offentleg ettersyn og høyring - PlanID 1256 2011 0007

Reguleringsplan E39 over Flatøy

Uttale til nytt offentleg ettersyn - Meland - Flatøy - E39 frå Flytebrua til Hagelsundet -

Reguleringsplan - PlanID 12

Saksopplysningar:

Forslagsstillar: Statens vegvesen

Omtale av reguleringsendringa:

Meland kommunestyre godkjente i sak KS-090/13 den 11.12.2013 framlegg til reguleringsplan for E39 over Flatøy. Føremålet med reguleringa er å leggje til rette for etablering av midtdelar på vegen og på sikt etablere 4-felts veg.

Under prosjekteringa av veganlegget vart det avdekket eit behov for noko større areal til vegføremål enn det som ligg inne i vedteken reguleringsplan. Bakgrunnen for endringa ligg m.a. i handtering av trafikk ved gjennomføring av anlegget.

Den omsøkte endringa frå Statens vegvesen er motteke 13.03.2014, og med revidert plankart journalført 03.06.2014.

Endringa gjeld å få hand om eit større areal kring vegen ved Hjelten bru, å etablere riggområde på eigedom 1/1, og å etablere fleire parkeringsplassar ved sementverket nord på øya.

Ved bygging av ny kulvert under E39 sør for Hagelsundbrua, vil forslagsstillar nytte denne planlagde parkeringa som mellombels køyreveg for hovudtrafikken.

UDU gjorde i sak 59/2014 den 03.06.2014 vedtak om å leggje framlegg til reguleringsendring av E39 over Flatøy ut for eit avgrensa offentleg ettersyn og høyring. Framlegget vart sendt direkte til berørte partar, kunngjort i avis og på heimesida til Meland kommune med ein periode for offentleg ettersyn frå 18.06 til 15.08.2014. Innan fristen er det ikkje motteke vesentlege merknadar.

Gjennomgang av innkomne merknadar:

Merknad frå	Innhald	Kommentar
Fylkesmannen i Hordaland	Har ingen merknader til endringane i planen	
Statens vegvesen Region Vest Askedalen 4 6863 Leikanger	Har ikkje vesentlege merknader	
Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga Planseksjonen	Hordaland fylkeskommune har ingen merknader i saka	

Vurdering

Administrasjonen har ikkje særskilte merknadar til den omsøkte endringa. Når det gjeld riggområde er det nyttig og føreseieleg at dette er regulert. Der vert føresett at arealet er stilt tilgjengeleg av grunneigar og at riggområde er mellombels medan gjennomføringa føregår.

Utsnitt av plan – riggområde på eigedom 1/1, datert 10.03.2014




Utsnitt av plan – større areal kring vegen ved Hjelten bru, datert 10.03.2014




Når det gjeld areal for parkering/mellombels omkøyning, er omkøyning absolutt naudsynt for å handtere den daglege store trafikkmengda som går på E39. Ved gjennomføring av plan skal det etablerast ny kulvert under E39 sør for Hagelsundbrua, og dette vil ta tid og krevje plass. Arealet for parkering/mellombels omkøyning ligg nord for dagens veganlegg, men innafør det arealet som på sikt skal nyttast for etablering av ny bru mot Knarvik. Administrasjonen ser ikkje at utvidinga rører ved plantema eller interesser som ikkje er teke opp i planskildringa.

Utsnitt av plan – Areal for parkering/mellombels omkøyning og kulvert, datert 10.03.2014



Areal for omkøyning vil verte opparbeida og kan etter at anlegget er gjennomført, nyttast til parkering for brukarar av friluftsområda nord på Flatøy. På eit seinare tidspunkt, dersom planane for veg og utbygging av Midtmarka vert realisert, vil heile dette arealet gå med til infrastruktur.

Plankart journalført 03.06.2014



Saka er handsama i tråd med Forvaltingslova og Plan- og bygningslova. Administrasjonen rår difor til at reguleringsendringa som no ligg føre med plankart journalført 03.06.2014 vert godkjent. Nødvendige grunnavtalar må ivareta kast og riggområde skal vere mellombels medan gjennomføringa av tiltaket føregår.

Folkehelse: Administrasjonen vurderer at reguleringsendringa ikkje vil ha særleg innverknad på folkehelsa.

Miljø: Administrasjonen vurderer at endringa vil ikkje medføre særlege endringar utover miljøendringa som allereie følgjer av reguleringsplanen.

Økonomi: Administrasjonen vurderer at planendringa berre vil generere økonomiske konsekvensar for utbyggjar.

Konklusjon

Administrasjonen rår til at Meland kommune godkjenner reguleringsendring for E39 over Flatøy i samsvar med plankart journalført 03.06.2014.

Nødvendige grunnavtalar må ivareta kast og riggområde skal vere mellombels medan gjennomføringa av tiltaket føregår.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Meland kommune godkjenner reguleringsendring for E39 over Flatøy i samsvar med plankart journalført 03.06.2014. Planid. 1256 2011 0007. Det er føresett at nødvendige grunnavtalar vert ivareteke og at riggområde er mellombels medan gjennomføringa av tiltaket føregår. Vedtaket er gjort med heimel i plan og bygningslova § 12-12.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne-Lise Næs Olsen	HistSak - 10/2055, Gbnr - 45/157, PlanID - 125620110002, FA - L13	14/2091

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
90/2014	Utval for drift og utvikling	PS	14.10.2014
63/2014	Kommunestyret	PS	15.10.2014

Reguleringsplan Bergotunet - 5.g. handsaming

Vedlegg:

Planmelding 03-14

VS Fellesannonse 1806

Reguleringsplan Bergotunet - Offentleg ettersyn og høyring (22787)

Reguleringsplan Bergotunet - Offentleg ettersyn og høyring (22787)

Fråsegn - Forslag til reguleringsplan for Bergotunet

Fråsegn - Forslag til reguleringsplan for Bergotunet

Uttale - Reguleringsplan Bergotunet - offentlig ettersyn og høyring

Uttale - Reguleringsplan Bergotunet - Offentleg ettersyn og høyring

Meland Kom arealplan Bergotunet merknader. 2 aug

Merknader Bergotunet

Reguleringsplan Bergotunet - Frekhaug Trevare AS MERKNAD

Uttale til offentlig ettersyn - Meland - Gnr 45 Bnr 157 mfl - Vikebø - Bergotunet -

Detaljreguleringsplan - PlanID 12

Innspel til reguleringsplan Bergotunet

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Utval for drift og utvikling gjorde i sak 52/2014 den 03.06.2014 vedtak om å leggje framlegg til reguleringsplan Bergotunet ut for nytt begrensa offentlig ettersyn. Framlegget vart sendt direkte til berørte partar og kunngjort i avis og på heimesida til Meland kommune med ein periode for offentlig ettersyn frå 18.06 til 15.08.2014. Innan firsten vart det motteke 5 merknadar. 3 frå offentlege instansar og 2 frå private.

Innkomne merknader

Nedanfor er kortfatta gjennomgang av dei innkomne merknadane. Tema som gjeld generelt eller for fleire er teke opp i eiga punkt i vurderinga seinare.

Merknad frå	Innhald	Kommentar
Frekhaug Trevare AS	<p>Del av eigedom avsatt til veg og parkering Er parkering satt av til bedriften eller andre? Me oppfattar at endring i parkering og tilkomst slik at areal foran bygget ikkje vert for gjennomkøyring Usikre på framtidig situasjon når det gjeld ansatte, kunder og varelevering Ønskjer avklarende møte med Meland kommune før vidare handsaming Avklare verknad av plan og bruk av eigedom vidare</p>	<p>Utforming og bruk av eigedomen er utfordrande då ein samstundes må ta omsyn til trafikk og mjuke trafikantar</p> <p>Administrasjonen meiner framlegget er avklarande og håpar ei gjennomgang med eigar vil få brikkene på plass</p>
<p>Fylkesmannen i Hordaland</p> <p>Tord Vikebø Rosslandsvegen 1491 5917 Rossland</p>	<p>Har ingen merknader til endringane i planen</p> <p>Oppfattar at eksisterande avkøyrsløse er tatt vekk</p> <p>Tilkomst og svingradius må vere for stor bil</p> <p>Ønskjer ikkje tilkomst over gnr 45 bnr 70</p> <p>Stiller spørsmål ved foreslått areal mellom eksisterande bygg på eigedomane gnr 45 bnr 70 og 71</p> <p>Stiller spørsmål ved kvifor eigedomane er karakterisert å ikkje vere utviklings eigedomar Ønskjer at heile eigedomen skal regulerast til kombinert føremål bustad/næring Ønskjer ikkje at deler av eigedomen vert regulert til føremål anna uteopphaldsareal</p> <p>Meiner eigedomen vert forringa og ønskjer økonomisk kompensasjon</p> <p>På tidlegare synfaring vart det diskutert anna løysing på avkøyrsløse for Skintveitvegen der denne vart flytta inn til Rosslandsvegen, kvifor er det ikkje slik? Meiner planteikninga bør syne meir detaljerte trafikk løysingar</p>	<p>Eksisterande avkøyrsløse er ikkje teke vekk, men er planlagt som nedsenka gjennomgåande fortau. I plansamanheng vert dette synt som ei bestemmelsesområde (føresegna § 6) Tilkomst og svingradius vert skildra og tilpassa i byggeteknisk plan som SVV godkjenner Det er ikkje planlagt tilkomst til gnr 45 bnr 71 og gnr 45 bnr 70 Areal på austsida av hovudvegen er avgrensa og foreslått areal mellom eksisterande bygg kan nyttast på kvar eigedom eller i fellesskap. Det er trøngt og øvrig areal utanomhus må prioriterast for tilkomst, parkering og frisikt Sjå eige punkt nedanfor</p> <p>Sjå eige punkt nedanfor</p> <p>I høve til gjeldande reglar er det krav til utanomhus areal til bustadar i regulert område Det er vanskeleg å sjå grunnlaget for påstanden, treng utdjupast nærare</p> <p>Sjå eige punkt nedanfor</p> <p>Sjå eige punkt nedanfor</p> <p>Sjå eige punkt nedanfor</p>

	Peiker på at det manglar fartsdump/hinder ved bedehuset	
Statens vegvesen Region Vest Askedalen 4 6863 Leikanger	<p>Generelt SVV har delteke i drøftingsmøte om utforming av framlegget til plan</p> <p>Byggjegranser Byggjegrænse ved BK01 mot o_KV04 (Stekkevikvegen) og o_KV06 bør takast inn som tidlegare</p> <p>Bestemmelsesområde Planen omhandlar 3 område, men berre 2 er tydeleg i plankartet - avklare</p> <p>Planframstilling Rydde litt i tilhøve (nemningar) mellom plankart og føresegner</p> <p>Sykkelparkering og universell utforming Kvifor er krav til sykkelparkering for delar av området fjerna?</p> <p>Kvifor er generelle krav til universell utforming fjerna?</p> <p>Støy Føresegna om støy bør supplerast med krav om tilpasningar i høve til gul støysone</p>	<p>Byggjegrænse for område BK01 følgjer planføremålet. Dette gjeld og mot o_KV03 slik at eventuell mur kan setjast opp i tråd med plan og for å utnytte mellom anna regulert areal til f_Leik01 best mogleg</p> <p>Planen med kart og føresegn skal omhandle 3 bestemmelsesområder som alle gjeld nedsenka fortau, er retta opp i kart og føresegn</p> <p>Det er retta opp nokre feil i tilhøve mellom kart og føresegner</p> <p>For deler av området er kravet fjerna da reguleringa berre stadfestar gjeldane situasjon Krav og ramma for universell utforming er gjeve i lov og forskrift, vert ikkje teke opp att her</p> <p>Tilhøve til støy m.m. er skildra i TEK10 og forureiningsforskrifta og vert ikkje teke opp att her</p>
Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga Planseksjonen	<p>Samferdsel Løysingane for busshaldeplass, tilkomst og snuplass for buss er akseptable</p> <p>Senterutvikling Positivt for ei kompakt tilrettelegging på Vikebø Kombinasjon bustad og forretning synast fornuftig Torget kunne likevel vore meir sentralt plassert og parkeringa meir i utkant av «senterområdet» Kan vere betre for mjuke trafikantar</p>	<p>Plassering av torg, tilkomst og parkering har vore flytta og dreid på i fleire omgangar. Administrasjonen vil ikkje tilrå ei ny endring av reguleringsplanen, som er resultat etter mykje arbeid med tilpassing. Framlegget tek</p>

	Kulturminne Ingen merknader i høve til kulturminne og kulturmiljø	i vare fleire brukargrupper.
--	---	------------------------------

Vurdering

Planføremål, eigedom og høve til vidare utvikling

At eigedomane (gnr 45 bnr 70 og 71) vert karaktisert som «ikkje utviklingseigedomar» handlar ikkje om sjølve verksemda, men om større fysiske tiltak. Det er svært avgrensa plass tilgjengeleg, og i reguleringsplassen er det først og fremst lagt til rette for nybygg på vestsida av vegen. Vidare skal reguleringa vere med på å trygge trafikksituasjonen i området. Ser ein på eigedomssituasjonen på austsida av vegen mot eigedomane gnr 45 bnr 70 og 71, er det slik at Statens vegvesen eig deler av grunnen som vert nytta av desse. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er plass for større utbygging på austsida av vegen.

Reguleringsplanen syner primært planføremål og til eit visst punkt detaljer. Når det gjeld veganlegg er det stilt krav om utforming av byggteknisk plan som skal godkjennast av SVV før tiltak vert sett i gang

Avkøyrsløse

Det har tidlegare vore vurdert å samle Rosslandsvegen og Skintveitvegen i ei felles avkøyrsløse, men trafikksituasjonen gjer at denne løysinga er skrinlagt. I planframlegget får ein kanalisert trafikken vekk frå det tidlegare COOP-bygget og stramma opp eksisterande avkøyrsløse. Det vert rom for fotgjengarfelt på høgste punktet, dette gjev betre oversikt. Forskyving av busstoppa gjer vidare at dei ikkje «overlappar kvarandre» sidevegs, og ein oppnår full lengde i høve til utforming.

Andre Trafikktryggingstiltak

Andre detaljerte trafikktryggingstiltak som fartsdumpar, fartsgrense og fotgjengarfelt er det ikkje høve til å legge inn i reguleringsplanen. Desse tiltaka vert fremma gjennom trafikksikringsplanane, både i kommunen og på fylkesnivå.

Folkehelse, miljø og økonomi: Er kommentert i tidlegare saker.

Konklusjon

Administrasjonen meiner at det planframlegget som no er utarbeidd, er klar for sluttbehandling og godkjenning. Prosessen har vore lang og planen er grundig gjennomtenkt, med fleire justeringar og tilpassingar undervegs. Plankart og føresegner er oppdatert etter sist offentleg ettersyn, jf kommentarane til merknadene.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner framlegg til reguleringsplan for Bergotunet, planid 1256 2011 002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 03.09.2014 og med reguleringsføresegner av same revisjonsdato. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.»

